

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 23

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Møre og Romsdal

Herad: Stordal

Emne: Bordskikk til kvardags.

Bygdelag:

Oppskr. av: Peter O. Stavdal

Gard: Stavdal

(adresse): Stordal i Møre og R.

G.nr. 88 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

For ca, 40 år sia var det vel nokso almindeleg at maten vart tilaga og måltiderne haldne stova, I all fall om vinteren. Innreidsla inn stovorne den tia var eit langbord langs med den tverveggen som var lengst frå inngangsdøra. Dei rekna eine tver-enden for "Høgsete" eit).

Langs 2 av veggene var det gjern faste benker. Fram for bordet stod ein benkomtrent so lang so bordet. Den vart kalla "Fersete". Kararne, d, v, s, husfaren, sønner og dren gjer sat ovanfor bordet. Husmora, døtre og tenest-tause sat på "ferseta. Alle husfolket sat til bords samtidig. og tilvanleg skulde ingen gå frå bordet før alle var ferdig. Kararne tok jamthuva av seg når dei gjekk til bords. Og vaska henderne var ikkje nokon fast regel, den tia, utan ein var sers skjiten. Ein slik ting som å bly blystre" var strengt forbudt under måltidet. Det vanka gjerne ogso nokon skjenn på ongarne at dei "vaganne"

Skjyr. Gaffel og voksduk til kvardags var neppe i før 1920. Alle hadde kvar si viss skjei, som etter at den var vaske låg "bordskuffa"

"Å dele" maten hev ikkje vore brukt so egminnest Heller ikkje veit eg om at det hev vore nokon regel med

kvenn som skulde "forsyna" aeg først. Det vart oftast sendt r
sendt ronda "onda Solne".

Å leggja flesk, smør eller liknande feite
saker på "hævrebrød" (flathrød) som ein braut i hop til ein
bete, var brukt før og er det enno. Utan brød vert det sagt at
sagt at han "maula" (d, v, s, han et det einare).

Den almindelege helsing når ein kjem inn der folk
sit og etter: "Godag og segne maten". Eller berre: "Segne
maten". Det vert då svara: "takk".

Er det kjendtfolk som kjem inn under måltidet
kan det godt vera at dei vert bene om å eta ilag med,

Vilt framande vert neppe bedne til bords utan dei
dei bed om å få kjøpa seg mat.

Her på garden, og det var slikslg andre stader
der var gamle røykstovor, var "det" grue i kjøkja.

Gruå her vart nedriva i 1910, og istaden opsett ein
komfyr. Omrent frå same tid vart det meir og meir til
det at me til kvardag s åt der og. Slik trur eg det er
åver alther at det er kjøja dei både kokar og et maten.